



Arbeidet med det nye anlegget utanfor Skorpo har vore i gang i haust og smolten er på plass, får uskedalen.no opplyst i Sjøtroll Havbruk. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad reknar seg som ei relativt stor havbrukskommune med 25 godkjende lokalitetar for matfisk av laks og aure, to store setjefiskanlegg, 10 godkjende lokalitetar for marine artar og 20 lokalitetar for skjel. Alle er ikkje i bruk samstundes men legg likevel beslag på store areal i kystsona.

Det held rådmann Trond Sætereng og saksbehandlar Arne Handegard fram i eit innspel dei no har sendt til Finansdepartementet om arealavgift i kystsona. Det var i november departementet bad kommunane om å seie sin meining om betaling for bruk av areal.

I Uskedalen er det no etablert eit nytt og større anlegg rett ut for Skorpo til erstatning for eit mindre noko nærmare øya og det er også eit eldre skjelanlegg på Uskedal-sida.

Sætereng og Handegard konkluderer med at hvis kommunen får hand om slike arealavgifter, er det grunn til å tru at den framleis vil vera positiv til å tilretteleggja for ei vidareutvikling av akvakulturnæringa. Innføring av avgift kan vera ein form for kompensasjon, men det må i alle høve setjast klare krav om at dese inntektene skal gå til kommunane.

Kommunen har som mål å leggja til rette for ei positiv utvikling av denne næringa, sleg Sætereng og Handegard fast.

Men dei legg til at fleire og fleire spør seg "kva vi får att for å stilla så store ressursar til disposisjon og kor mykje av verdiane som blir verande att i kommunen". Difor har det i den siste tida vore etterlyst former for kompensasjon.

Dei to opplyser at kommunen tidlegare har utarbeidd ein grovmaske havbruksanalyse som har vore eit godt grunnlag for behandling av konkrete søknader om nye lokalitetar. Kvinnherad har ikkje planar om å utarbeida separat kystzoneplan, men sjøområda vert innarbeidd i det ordinære kommuneplanarbeidet. På den måten oppnår ein ei mest mogeleg samordna og samla arealplanleggjing for sjø og land.

Kvinnherad har i dei siste åra opparbeidd ein brei kompetanse i planleggjing av kystsona, men Sætereng og Handegard peikar på problem med diffuse svar frå fiskerimyndigheitene i samband med arealavgrensing av akvakulturlokalitetar. Er det til dømes avgrensinga av overflateinstallasjonane som skal visast eller er det totalarealet med utgangspunkt i botnfesta som skal visast? Denne problemstillinga er høgst relevant i samband med utforming av arealavgifter.

- Kommunen opplever ofte interessekonflikter mellom akvakulturanlegg og fritids- og friluftsjnteresser knytta til strandsona. Det vert hevda både frå friluftsjnteressene og ritidsutbyggjingsinteressene at anlegga legg beslag på store sjøareal og reduserer opplevingsverdien, skriv Sætereng og Handegard.

Dei meiner det bør vurderast å knyta avgifta til beslaglagt areal i staden for at ho skal knytast til produsert mengde fisk. Avgift knytt til areal vil også gje kompensasjon for lokalitetar som i periodar ikkje er i bruk.

Av Ola Matti Mathisen